



Sakshandsamar:

Bjørn Falck Russenes

E-post: bjorn.falck.russenes@sf-f.kommune.no

Tlf: 57 65 62 53

Vår ref.

Sak nr.: 07/54-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

4390/07

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 28.02.2007

Årdal kommune
Planavdeling
boks 40
6881 ÅRDALSTANGEN

DoL.nr:	06/1045-2	Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
K-kode	X53	
UO	- 5 MARS 2007	T.omr. KOMTEK
Avgr.kode	Tilg.gruppe	Saksh. JROA
Kopi		

Årdal kommune - Steinskred frå Finnsåsen, Geisdøla - Årdalstangen

Viser til synfaring i Årdal 14.12.2006.

Saka gjeld steinskred frå Finnsåsen på Årdalstangen om kvelden 06.12.2006. Skredmassar nådde ned mot lagerplassen i nedre delen av Geisdalen. Deler av lagerområdet ned mot sjøen vart råka av blokker og flygestein frå skredhendinga. Det kom også ei mindre steinflis ned på plenen på oppsida av Gjestehuset til Hydro.

Etter avtale med Hydro Aluminium ved Kåre Forslund, blei det derfor gjort ei synfaring på staden der også Jan Roy Dalheim frå Årdal kommune var tilstades. Frå Hydro møtte i tillegg Jonny Asperheim.

Skredhendinga er, i samsvar med avtale, rapportert av Jonny Asperheim og Kåre Forslund pr. 21.12.2006. Forutan egne observasjonar i felt har dei to nytta tidlegare rapport fra vår side, datert 18.03.1992. Skredhendinga 06.12.2006 har utvikla seg mykje i samsvar med rapporterte prognoser i 1992.

Arealet mellom mur mot Gjestehuset, Geisdøla og sjøen har vore brukt til knuseverk og som lagerplass for vrakkol/anodekol. Eit lagertelt ned mot sjøkanten ligg også innanfor skredutsett område. Lagerteltet fekk treff av flygestein. Nettingen rundt lutanlegget viste også treff av mindre flis.

Mellom Nedre Geisdal og ura opp mot Finnsåsen er det lagt opp ein sikringsvoll. I samband med skredhendinga 6.12. kan ein konstatere at vollen ikkje er effektiv med tanke på å sikre arealet fram mot sjøen og innkøyringsporten.


Hydro synest å ha bruk for dette arealet til ymse logistikk føremål. Særleg gjeld det lagerfunksjonar, deponi og mellombelse aktivitetar. Det er likevel grunn til å vera bekymra for bruken av området.

Av omsyn til tryggleik for tilsette og verdiar, finn vi det utlrådeleg av Hydro å gjere seg nytte av nemnde areal. Alt areal søraust for mur til Gjestehus, inngangsport og sjøen er vurdert som skredutsett. Området bør evakuerast, med omsyn til daglege gjeremål. Dette vil då bli ei strangare vurdering enn den som er gjort i 1992. Ein bør vurdera betre sikring av "lutanlegget".



Gjestehuset er sikra med ein 4 m høg vertikal betongmur. Denne bør ein forlenga ned mot porten. Samstundes bør ein som ekstra sikring av Gjestehuset, sette opp fangnett på toppen av muren.

Med helsing




Bjørn Falck Russenes
fylkesgeolog

Vedlegg:

Kart over Nedre Geisdal

Kopi til:

Hydro Aluminium, Ved Kåre Forslund, Boks 303, 6882 Øvre Årdal




28.2.2007

B. J. P.

ÅRDALSTANGEN
ÅRDAL OG SUNNDAL VERK
M.1:1000 Ekv. 0,5m
Nedfotografert fra: 1:500

ALBERT
TAMM



5002.282

1. 1. 1.